



# BACHELOROPPGÅVE

Treng du ei hand å halde i, kan du halde i mi

If you need a hand to hold, you can hold mine

**Johanne Linde Hauglund & Melissa Jansson Takle**

Kandidatnummer: 223 & 301

BLUBACH

Institutt for pedagogikk, religion og samfunn

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Dag Skram

Innleveringsdato: 25. mai 2023

**Treng du ei hand å halde i,  
kan du halde i mi,  
sorga di  
er sorga mi,  
vi kan stå saman, vi**

- *Redaksjonen i tekstforslag*

## Forord

Etter eit 3 års utdanningsløp ved Høgskulen på Vestlandet, er denne bacheloroppgåva vårt avsluttande arbeid. Vi har valt å bruke denne moglegheita til å fordjupe oss i eit tema som er viktig for oss. Sorg er eit tabubelagt tema og vert snakka lite om. Dette ville vi gjere noko med. Vi har som formål gjennom oppgåva å belyse korleis pedagogisk leiar møter og tek i vare barn som opplev sorg.

Vi ynskjer å takke informantane som har delt sine erfaringar og gitt oss refleksjonar rundt arbeidet. Ei stor takk rettast også mot vår fantastiske rettleiar for gode rettleiingstimar og samtalar.

Til slutt takkar vi kvarandre for eit utruleg kjekt samarbeid, som har ført til gode samtalar og refleksjonar. Vi har oppmuntra og støtta kvarandre gjennom det som kan opplevast som krevjande og tunge periodar, og dette har ført til godt teamwork.

Tusen takk!

## Abstract

This bachelor thesis is about children in grief. We wanted to investigate:

*How does a leading kindergarten teacher work with children who experience grief?*

Through our investigation we have studied theories on how children grieve, grieving processes, typical grieving reactions, different death causes and grief by divorce. We have chosen qualitative research in our study where we interviewed two leading kindergarten teachers and a professional who works with children in grief. Based on our studies, we have found that children's grieving processes are very individual. There are many factors that will affect the grieving process. Children will grieve differently, and it's important that they are allowed to. There is no "right way" to meet children in grief, but there are guidelines we can follow that can make it easier for us to meet the child and its needs.

# Innholdsliste

<b>Forord</b> .....	<b>3</b>
<b>Abstract</b> .....	<b>3</b>
<b>1.0 Innleiing</b> .....	<b>6</b>
1.1 <i>Bakgrunn for val av tema</i> .....	6
1.2 <i>Presentasjon av problemstilling</i> .....	7
1.3 <i>Oppgåva si oppbygning</i> .....	7
<b>2.0 Teoretisk grunnlag</b> .....	<b>8</b>
2.1 <i>Barn i sorg</i> .....	8
2.2 <i>Sorgprosessen sine 4 fasar</i> .....	9
2.3 <i>Sorgreaksjonar hjå barn</i> .....	9
2.4 <i>Ulike dødsfall i nære relasjonar</i> .....	11
2.5 <i>Samlivsbrot</i> .....	13
2.6 <i>Ivaretaking av barns behov</i> .....	13
2.7 <i>Handtering og beredskap av barn i sorg</i> .....	14
2.8 <i>Oppsummering</i> .....	17
<b>3.0 Metode</b> .....	<b>18</b>
3.1 <i>Val av metode</i> .....	18
3.2 <i>Val av Informantar</i> .....	19
3.3 <i>Førebuing og gjennomføring av intervju</i> .....	20
3.4 <i>Etiske utfordringar</i> .....	22
3.5 <i>Metodekritikk</i> .....	22
<b>4.0 Empiri</b> .....	<b>24</b>
4.1 <i>Barn i sorg</i> .....	24
4.2 <i>Pedagogen i møte med barnet</i> .....	26
4.3 <i>Pedagogen i samarbeid med barnehage og heim</i> .....	27
4.4 <i>Handtering og beredskap</i> .....	28

<b>5.0 Drøfting .....</b>	<b>32</b>
5.1 <i>Barn i Sorg</i> .....	32
5.2 <i>Pedagogen i møte med barnet</i> .....	34
5.3 <i>Pedagogen i samarbeid med barnehage og heim</i> .....	35
5.4 <i>Handtering og beredskap</i> .....	37
<b>6.0 Avslutning.....</b>	<b>39</b>
<b>Kjeldeliste.....</b>	<b>40</b>
<b>Vedlegg 1: Informasjonsskriv til informant .....</b>	<b>42</b>
<b>Vedlegg 2: Intervjuguide utval 1 .....</b>	<b>44</b>
<b>Vedlegg 3: Intervjuguide utval 2 .....</b>	<b>46</b>

## 1.0 Innleiing

Som pedagogisk leiar vil ein i barnehagen møte barn med ulike behov og utfordringar, som ein må handtere på ein profesjonell måte. Barnehagen er ein viktig omsorgsbasis for barn, og har ei viktig rolle viss ein familie rammast av store livsbelastningar. I somme tilfelle vil ein hamne i krevjande situasjonar der ein har vanskar med å forstå korleis ein skal møte barnet. Barn som sørgjer over dødsfall i nære relasjonar eller samlivsbrot kan være ekstra sårbart for den pedagogiske leiaren, og det kan vere uklart og vanskeleg korleis ein skal handtere ein slik situasjon.

I denne bacheloroppgåva vil vi fokusere på korleis pedagogisk leiar arbeider med temaet barn og sorg. Vi har valt å fokusere på sorga som oppstår når eit barn opplev samlivsbrot eller dødsfall i nær familie. Ved å belyse temaet håpar vi at vi som framtidige pedagogiske leiarar vert tryggare i rolla vår, samt får betre forståing for korleis vi kan møte og ivareta barna og deira behov. Formålet med oppgåva er at den skal vere til nytte for alle noverande og framtidige pedagogiske leiarar.

### 1.1 Bakgrunn for val av tema

Rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver fortel oss at ein som personale skal «være lydhøyr for barnas uttrykk og imøtekomme deira behov for omsorg med sensitivitet» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.19). Barn reagerar på ulike vis, og dette punktet fortel oss at vi skal tilpasse det enkelte barns behov. Likevel er ikkje dette konkret nok. I løpet av livet vil alle menneskjer oppleve kriser og nokon barn vil allereie tidleg i barndommen oppleve dette (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 2).

Framleis undervurderer mange vaksne situasjonen barnet sit i både under og etter ei kritisk hending som medfører tap. Dette kan skuldast for lite kompetanse innan temaet. Det kan føre til at omsorgsmiljøet ikkje evnar å ivareta behova til barn med vanskar på ein tilfredsstillande måte. I denne bacheloroppgåva vil vi fremje kunnskap om barn i sorg, ivaretaking og handtering av barn i sorg.

Vi har begge vore vikar i barnehage og erfart at det er mykje usikkerheit rundt prosedyre, og korleis ein skal trå fram dersom ein slik situasjon skulle oppstå. Det står generelt lite om barn

i sorg og kva tiltak som kan setjast til verk i både Rammeplan og lovverk.

Med utgangspunkt i låg kompetanse innanfor dette feltet ynskjer vi å undersøke korleis pedagogiske leiarar tek i vare og møter barn som sørger. Vi ynskjer å belyse problemstillinga vår i form av bacheloroppgåva.

## **1.2 Presentasjon av problemstilling**

Problemstillinga vert retta mot korleis pedagogisk leiar møter og tek i vare barn som står i ein sorgprosess. Oppgåva har fått følgjande problemstilling:

**«Korleis arbeider pedagogisk leiar med barn som opplev sorg?»**

## **1.3 Oppgåva si oppbygnad**

Bacheloroppgåva består av 6 hovudkapittel. I kapittel 1 har vi gjort greie for val og bakgrunn av tema, samt presentert problemstillinga. I teoridelen i kapittel 2 har vi tatt for oss barn i sorg, sorgprosessen og ulike sorgreaksjonar hjå barn, ulike dødsfall, samlivsbrot, ivaretaking av barn sine behov og til slutt handtering og beredskap. I kapittel tre presenterer vi metoden vi har nytta for å samle inn relevant data. Vi presenterer våre funn i empiridelen i kapittel 4. I kapittel 5 drøftar vi våre empiriske funn opp mot teori vi tidlegare har presentert. Til slutt i kapittel 6 vil det kome ei avslutning med konklusjon og svar på problemstillinga.

## 2.0 Teoretisk grunnlag

I dette kapitlet presenterer vi vårt teoretiske grunnlag. Her kjem vi inn på barn i sorg, sorgprosessen, sorgreaksjonar, ulike dødsfall i nære relasjonar, samlivsbrot, samt ivaretaking, handtering og beredskap av barn i sorg.

### 2.1 Barn i sorg

I følgje Bugge og Røkholt er sorg eit «mangesidigt fænomen, hvor et bredt spektrum af reaktioner og udtryk er normale» (2010, s.33). Dei omtalar sorga som ein prosess der menneskjer har ulike reaksjonsmønster, og der graden på reaksjonen vil variere.

Freud definerar sorg som «en reaksjon på tapet av en elsket person eller tapet av et abstrakt som har tatt en slik persons plass, som f.eks. fedrelandet, friheten, et ideal» (Edvardson 1987, s. 20). Kjensla rundt tapet av ein av sine næraste kan opplevast som at ein mistar noko av seg sjølv. Han utvidar seinare omgrepet og utdjupar at «enhver vesentlig frustrasjon og enhver oppgivelse av noe følges av sorg» (Edvardson, 1987, s. 20).

Når barn sørgjer treng dei nokon som støttar og forstår dei. Dess eldre barnet blir, dess meir aukar forståinga av kva døden inneber. Dyregrov og Hordvik skriv at «barn under fem år forstår ikke at døden er endelig, og tror ofte at de døde kan komme tilbake senere, eller at en kan gå og besøke dem» (Dyregrov, 2018, s. 329). Dette avspeglar deira manglande erfaring. Dei minste barna treng gjentatte gonger å få vite at den døde er vekke og ikkje kjem tilbake. Det er difor viktig å gi barnet detaljerte forklaringar. «De må få vite detaljert at når vi er død, slår ikke hjertet lenger, at den som er død ikke puster, at negler og hår ikke vokser lenger, og at den døde ikke tenker eller føler noe smerte» (Dyregrov, 2018, s. 329). Dei yngste barna er svært sårbare for åtskiljing, som lett opplevast som endelege tap. Dei har vanskar med å forstå abstrakte forklaringar, noko vaksne i møte med barnet må ta omsyn til i ein samtale (Dyregrov, 2018, s. 329). Barn som går gjennom sorg eller krise, kan vere meir eller mindre synleg for omgivnadene. Når krisa først rammar, er det viktig at barnehagen har tenkt gjennom korleis dei kan hjelpe barnet til å forstå og handtere krisa. Det handlar om å sjå, oppdage, snakke med og bidra til barns meistring (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 2). Barn kan vise meistring gjennom å forsøke å finne eit formål med det dei går gjennom. Dei kan distrahere tankane sine ved å konsentrere seg om gode minner og flykte frå situasjonen



i fantasien (Dyregrov, 2018, s. 155).

## 2.2 Sorgprosessen sine 4 fasar

Pedagogar og føresette er viktige støttespelarar for å gi barnet tryggleik gjennom sorgprosessen (Bugge & Røkholt, 2010, s.33). Barn sørgjer på ulike vis, og sorga kan ha ulike fasar eller stadium. Sorgprosessen er tilpassingsprosessen som følgjer etter eit tap, der vi søker ein indre balanse og frigjer den psykiske energien som er bunde til den eller det som er tapt (Edvardson, 1987, s. 20). Sorgprosessen kan ta lang tid, for nokon fleire år (Dyregrov, 2018, s. 332). G.H. Pollock skriv om sorgprosessen, og går ut frå reaksjonane ved eit dødsfall og delar det inn i fire stadium: sjokkfasen, følelse av sorg over tapet, reaksjon på separasjonen og tilpassing til dei endra forholda (Edvardson, 1987, s. 26). Sorga har sin eigen logikk, det finns ingen fasit på korleis sorgstadia skal sjå ut. Sorga pendlar gjerne fram og tilbake mellom dei ulike stadia. I den første fasen prøver ein å forstå kva som har skjedd. Når denne fasen er over kjem ofte reaksjonane etter tapet der gråt, tristheit, sagn eller sinne opptrer. Mange kjem då over i ei bearbeidingsfase der det begynner å gå opp for ein at vedkommande er død. I den siste fasen meistrar ein å sjå framover og livet begynner å falle på plass igjen (Edvardson, 1987, s. 27-28). Sorgprosessens mål er ei fortsetjing på utvikling og ei tilpassing til dei nye forholda (Edvardson, 1987, s. 20).

## 2.3 Sorgreaksjonar hjå barn

Barn sine sorgreaksjonar er svært varierende og ulike, det kan ha samanheng med kva type dødsfall det er og om det er forventa eller ikkje. Dei vanlegaste sorgreaksjonane hjå barn i følgje Dyregrov er:

- angst
- sterke minne
- søvnforstyrningar
- tristheit, lengsel og sagn
- sinne og merksemdkrevjande åtferd
- skyld, sjølvbebreidelsar og skam
- kroppslege plagar

(2006, s. 22)

Barn som får beskjed om at ein dei har nær relasjon til er død, kan reagere direkte med å oppleve at det er uverkeleg, med vantru og med fråvær av sterke følelsar (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 2). Dei kan også reagere momentant med å ha null reaksjon, eller dei kan fortsetje leiken sin.

Barn går meir til og frå sorg enn vaksne. Det at barnet etter kort tid kan begynne å leike igjen og verke urørt av situasjonen kan vere uttrykk for dette (Dyregrov, 2018, s. 330). Barn kan vise svært ulike reaksjonar på sorg, og sørger ut i frå sitt utviklingstrinn. For at barna skal meistre det som har skjedd er det viktig å gi informasjon. Dei treng å vite at den døde ikkje vil vende tilbake, og at døden er endeleg. Det er og viktig å gi svar på kvifor og korleis ting har skjedd, og kva som skal skje vidare. Barn treng gode forklaringar tilpassa deira alder, frå ein trygg vaksen som har tid til å lytte. Dei bør i minst mogleg grad skiljast frå foreldre i tida etter eit dødsfall. Lite tid med foreldre kan auke barn sin angst for at dei også kan bli borte. Den vaksne bør akseptere at i tida etterpå treng barnet stor grad av tryggleik og auka behov for nærheit og kontakt (Dyregrov, 2018, s. 330).

Alle *plutselege tap* og mange forventa tap kan utløyse sorg hjå barn (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 2). Dødsfall kan medføre umiddelbare sorgreaksjonar uansett kva mental førebuing ein har gjort (Dyregrov, 2006, s. 20). Det er stor variasjon på korleis barn reagera på død. Dei vanlegaste umiddelbare reaksjonane i følgje Dyregrov er :

- sjokk og vantru
- redsle og protest
- apati og lamming
- framhald av vanleg aktivitet

(2006, s. 20)

Dette viser til umiddelbare sorgreaksjonar vi må vere observante på.

Kunnskapsdepartementet har laga ei liste over vanlege *etterreaksjonar* hjå barn etter sorg og krisesituasjonar. Det er inga fullstendig liste, men dei vanlegaste etterreaksjonane blant barn kan vere:

- tristheit, lengsel og sagn
- frykt, angst og uro
- skyldfølelse og sjølvbebreidelse

- regresjon (tap av etablerte ferdigheiter)
- separasjonsangst
- merksemdkrevjande åtferd

(Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 3)

Eit barn kan utvikle etterreaksjonar etter ei krise har oppstått. Kunnskapsdepartementet viser til reaksjonar vi kan merke oss hos barnet. Det å ha kunnskap om reaksjonar gjer det lettare for oss i barnehagen å vite kva vi skal sjå etter når barnet blir ramma av ei krise.

#### 2.4 Ulike dødsfall i nære relasjonar

Barn under fem år opplev *døden* som gjenkalleleg og ikkje som permanent. Dei kan ha vanskeleg for å forstå at døden er endeleg og ikkje vender tilbake (Dyregrov, 2006, s. 15). Dei stiller direkte og konkrete spørsmål, og slit med å forstå korleis nokon kan ligge i jorda samstundes vere i himmelen (Dyregrov, 2010, s. 68).

Dyregrov skriv at *foreldres død* er eit av dei dødsfalla som kan føre til store konsekvensar for barnet. Det kan medføre at barnet mistar stabiliteten, tryggleiken og det daglege behovet for omsorg og kjærleik (2006, s.41). Behovet for omsorg vert større etter eit slik tap, men kan opplevast som mindre då barnet mister ein forelder som er ein av dei viktigaste tilfredsstillarane for barnets behov. Det er viktig å ta vare på barnet sine emosjonelle behov, ved å vise varme og kjærleik, samstundes som ein opprettheld disiplin (Dyregrov, 2006, s.45).

Å *miste eit søsken* til døden vil ikkje ha den same påverknaden for barnet som ved tap av ein forelder. Dynamikken i familien er annleis og rollene i familien vert forandra. Reaksjonane til foreldra vil ha stor påverkingskraft på barnet sin reaksjon. Ikkje berre mister barnet eit søsken, men det kan også ha mista ein kompis og ein leikekamerat. Barnet får også ein forståing for at ein ikkje treng å vere gamal for å døy, men at dette er noko som også kan ramme barnet sjølv (Edvardson, 1987, s.63).

Eit *uventad dødsfall* kan føre til større problem seinare i livet (Dyregrov, 2006, s.42). Psykolog Atle Dyregrov skriv at familiemedlemmer kan oppleve både sorg, sagn og eit traume, når nokon som står dei nær plutselig og uventad dør. Medan sorga og saknet kjem som følge av

tapet ein har lidd, er måten dødsfallet skjedde på ofte traumatisk når ein ikkje er førebudd (Dyregrov, 2018, s. 309).

Ved plutselige dødsfall vil mange oppleve ei form for uverkelegheit, sjokk og vantru. Det heile opplevast som ein draum, ein film eller at det ikkje kan vere sant. Nokon fortset med det vanlege livet, medan andre av dei etterlatne vil i tida seinare laste seg sjølv for måten dei reagerte på. Tidsopplevinga kan endre seg og ventetida kan verke svært lang. For nokon kan det opplevast som at tida står stille. Samstundes kan inntrykka vekke sterke reaksjonar. Kroppslege reaksjonar som skjelving, kvalme, hjartebank, frysebyer eller svimmelheit er ikkje uvanlege opplevingar (Dyregrov, 2018, s. 309). Det kjem mange tankar og det er mykje å forhalda seg til på ein gong, alt kan verke kaotisk og uoversiktleg.

Når eit barn opplever at nokon i nær relasjon står i ein *livstruande sjukdom*, kan det oppstå ei livsendring hjå barnet. Ein trygg kvardag kan plutselig følast ikkje så trygg lenger. I følge Dyregrov & Lytje kan dette vere situasjonar som kan oppstå som er vanskelege for barna, og då spesielt dei yngste som ikkje klarar å forstå grunna mangel på erfaring og utvikling (2021, s.105).

Når eit barn opplever at ein forelder står i ein *langvarig sjukdom* kan det føre til følelsar som sinne, skuld og angst. Eit langsamt dødsfall vil, i motsetnad til eit uventa dødsfall, gi barnet moglegheit til å førebu seg på det som skjer (Edvardson, 1987, s.58).

Barn som står i nær relasjon til nokon som har gjennomført eit *sjølv mord* vil naturleg vere nysgjerrig. Dei kan stille spørsmål som «kva har skjedd», «kvifor forlet han oss?». Sjølv mord er ei tabubelagt dødsårsak, og eit tema som kan vere vanskeleg å snakke om. Dette vil kunne gjere dødsfallet enda meir belastande for familien (Bugge & Røkholt, 2010, s.186). Eit slikt dødsfall vil påverke tankegangen til barnet, og det vil kunne oppta tankane deira på kva eit menneskje kan vere i stand til å gjere. Dei kan kjenne på svik både hos seg sjølv, men også frå den avdøde, samt skuld og følelsen av å bli etterlate. Det er viktig å hugse på at dei barna som opplever foreldre som tek sitt eige liv er dei som slit mest som følge av ein brutal bortgang (Dyregrov, 2006, s.54).

## 2.5 Samlivsbrot

Gjennom ei 30 års forskning utført av Kari Moxnes og Frode Thuen kjem det fram at dei fleste barn som opplever samlivsbrot i heimen utviklar seg normalt, medan andre barn kan verte påverka i form av utvikling av psykososiale problem (Haaland, 2002, s.31). Barn som rammast av foreldre sine konfliktfylte samlivsbrot, risikerer å bli dradd inn ei vaksenverd dei verken har føresetnad til å forstå eller moglegheit til å handtere. Når vaksne ikkje meistrar å skjerme barnet, kan barnet verte symptombærande av foreldra sin konflikt (Djup, 2021, s. 9). Desse situasjonane påfører barna store belastningar og dei får eit stort behov for informasjon og støtte (Djup, 2021, s. 15).

Når det skjer ei skilsmisse så kan nokre barn gå inn i seg sjølv og ta på seg skuld. Barn er fulle av fantasiar, og av og til kan dei ha vanskar med å skilje fantasi frå verkelegheit då vegen mellom dei er så kort. Dette gjelder særleg dei minste barna. Fantasi og magi er to faktorar som kan gjere verda utrygg for barna. Tryggleik er ein viktig faktor for barna når dei blir deltakarar i ei skilsmisse (Mjelve, 2007, s.73). Ein skal være open og ærleg med barna og vere bevisst på at eigne reaksjonar kan påverke barnet sine reaksjonar (Djup, 2021, s. 29). Sjølv om ein som foreldre kan føle seg utrygg og redd, er det viktig å formidle dette på ein god måte slik at barnet får ei betre forståing for situasjonen (Mjelve, 2007, s.73).

For barn kan skilsmisse eller samlivsbrot vere like traumatisk som dødsfall. Det er ikkje store ulikheiter i sorga til barn anten dei opplever skilsmisse eller dødsfall. Barn opplever både dødsfall og skilsmisse som krisesituasjonar (Edvardson 1987, s. 82). Skilsmisse vil medføre åtskiljing og sorg, også for barn i familien. Barnet sørgjer over tapet av sin opphavlege familie, og det mistar den daglege kontakta med den eine parten (Edvardson, 1987 s. 83).

## 2.6 Ivaretaking av barns behov

Som pedagogisk leiar er ein ansvarleg for å sikre at barn sine behov blir tekne i vare. Skogen definerer leiar som «en som organiserer og gjennomfører arbeidet i en organisasjon ved å kommunisere med personalet. Gjennom forståelse av mellommenneskelige relasjonar, problemløsning, pedagogisk utvikling, løysning av administrative oppgaver og samspill påvirker og motiverer lederen personalgruppen. Hensikten med å organisere og gjennomføre arbeidet er å nå visse mål» (Skogen, 2021, s. 27). Dyregrov skriv at ein kan vere til best hjelp ved å vere til stades for personar som opplever sorg, men også respektere

behovet deira for å vere aleine . Det å setje av tid til å lytte og dele sorga med dei etterlatne er viktigare enn kva du seier (2018, s. 314). I pedagogisk arbeid kan vi møte barn i vanskelege situasjonar og barn som opplever kriser i familien (Skogen, 2021, s. 95).

Det finns ingen universelle svar på korleis ein handlar rett eller best i ein gitt krisesituasjon. Det sentrale er at vaksne hjelper barn til å forstå den aktuelle situasjonen. God kommunikasjon mellom alle partar er svært viktig ved kriser og sorg, både i akuttfasen og i oppfølginga over tid (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 2). For små barn er samspelet det viktigaste for at dei skal ha det bra i barnehagen. Drugli framhevar at for barn er dette sjølve definisjonen på barnehagekvalitet. For at barn skal uttrykke behova dei har, føle seg forstått og ivareteke er relasjonen vaksen-barn viktige føresetnader for å kunne gjere ein god jobb. For å forstå barn må ein forstå deira relasjonar. Gode relasjonar er nært knytt til omsorgsomgrepet, omgrepet rommar både fysisk og psykisk omsorg (Drugli, 2020, s. 145)

Psykologspesialist Heidi Wittrup Djup skriv om «barnehagens betydning når barn er pårørende». Ho fortset med «når ein familie rammes av kriser, sykdom, dødsfall eller andre alvorlige livsbelastningar, rammes også barna» (2021, s. 9). Sjølv dei yngste barna er sensitive for endringar og stemningar i familien, dei har behov for gode forklaringar som hjelper dei til å handtere sin situasjon. Når livet er vanskeleg treng også barna å vere ein del av fellesskapen (Djup, 2021, s. 9).

For barn som opplever sorg vil tida etterpå også involvere barnet. For mange er det viktig å gjennomføre *ritual* for å gjere det uverkelege verkeleg. Dette er noko også barn bør delta på. Dyregrov skriv at det kan vere førestillingane til dei vaksne om at det er sårt for barna som gjer eit slikt val om deltaking vanskeleg. Han meiner at det ikkje er noko grunn til å ekskludere barn frå ritual, og at barn taklar det heilt fint (2010, s. 47). «En rituell markering er helt på sin plass, og hjelper barna til å gi konkret uttrykk for det de føler rundt disse dagene» (Dyregrov, 2006, s. 47).

## **2.7 Handtering og beredskap av barn i sorg**

Dyregrov skriv at mental førebuing og planlegging for dødsfall og andre kritiske hendingar gir ei mykje betre handtering enn om ein «tek det som det kjem» (2006, s. 113). Ein *beredskapsplan* skal leggje til rette eit godt beredskapsarbeid i barnehagen og vere eit godt

verktøy i arbeidet dersom ikkje ynskja hendingar inntreff. Beredskapsplanen skal sikre at barnehagane er førebudd og kan handtere hendingar på ein god og effektiv måte (Kunnskapsdepartementet, 2021, s. 2).

Handtering av kriser og sorg er ein del av barnehagens arbeid på HMS-feltet. Dette er tema barnehagen på generelt grunnlag bør diskutere og lage rutinar for. Tilsette bør med jamne mellomrom diskutere og reflektere over kva som er gode måtar å møte barn, foreldre og familiar i sorg på. Pedagogen har eit ansvar for å dele kunnskap om korleis tilsette kan forstå barnet sitt uttrykk, og korleis dei kan anerkjenne barnet og samarbeide med foreldre på ein god måte. Enkelte av personalet kan sitje med erfaringar som det er viktig å dele med resten av dei tilsette (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 4).

I Rammeplan for barnehagen definerar dei *ansvaret til pedagogisk leiar*. Pedagogisk leiar har ansvar for å leie og iverksette det pedagogiske arbeidet, og dette arbeidet skal skje i tråd med godt fagleg skjønn. Vidare skriv dei at den pedagogiske leiaren skal rettleie og sørge for at lovverk og Rammeplan oppfyllest gjennom det pedagogiske arbeidet. I arbeid med barn og barnegrupper skal den pedagogiske leiaren leie arbeidet med planlegging, gjennomføring, dokumentasjon, vurdering og utvikling (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 16). Pedagogisk leiar har ansvar for å skape gode system og rutinar, dette kan bidra til god utnytting av ressursar og gi ei best mogleg handtering av kriser og sorg (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 4). Dersom rutineane kjem i utakt over tid kan det påverke barnet negativt. Barnet kan ha mange endringar i rutineane heime, og det er då ekstra viktig at rutineane i barnehagen oppretthaldast på best mogleg måte (Djup, 2021, s. 37).

*Kommunikasjonen mellom foreldre og barnehagetilsette* er viktig, både i akutfasen og i oppfølginga over tid. Barnehagen bør ha god kommunikasjon og informere om korleis dei opplever barnet og skildre eventuelle reaksjonar som oppstår. Verdien av ein open og ærleg samtale om kva foreldre sjølv har sagt til barnet, kva språk dei nyttar, og korleis kvardagen ser ut er stor. Ein kan då som tilsett i barnehagen fortelje dei same tinga og nytte dei same orda til barnet som det som vert fortalt heime. Djup understrekar at «å fortelle til foreldrene hva barnet sier i barnehagen og hvordan du registrerer endringer, er svært viktig informasjon for foreldre» (2021, s. 51). Foreldra skal vere trygge på at barnehagen tek i vare barnet, har rutinar og kommuniserer godt (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 5).

Nokre foreldre vil kontakte og informere barnehagen tidleg etter dei har blitt kjend med ei krise. På denne måten kan tilsette i barnehagen førebu seg og møte barnet og foreldre med støtte og forståing. Nokre foreldre ynskjer gjerne å vere opne med resten av personalet i barnehagen, og med andre foreldre og deira barn. Ved å sende ut eit informasjonsskriv om kva som har skjedd, blir det enklare for omgivnadane å vite korleis dei skal forhalda seg til dei som er ramma (Djup, 2021, s. 67). Det kan vere mange hindringar og ulike årsaker som gjer at ikkje alle klarar å vere like opne. I desse tilfella kan ein gi råd og innspel til foreldra på korleis dei kan gå fram, og hjelpe med å skrive informasjon til andre foreldre (Djup, 2021, s. 68). Den pedagogiske leiaren må vere klar over kva rolle den har, ein skal ikkje primært hjelpe foreldra eller ordne opp i det som er vanskeleg. Rolla går ut på å finne gode løysningar for korleis ein kan hjelpe foreldra med å ta barnet sitt perspektiv og skape gode vilkår for barnet både i barnehagen og heime (Djup, 2021, s. 69).

Dyregrov har konkrete *retningslinjer for omsorg* og ivaretaking av barn sine behov. Kommunikasjonen med barna skal vere open og ærleg, dette vil seie at ein skal tilpasse forklaringa etter barnet sin alder. Ein skal gi tid for tanke-meistring, tillate spørsmål og ein kan til dømes besøke kyrkjegarden. For barn er det viktig at ein gjer tapet verkeleg ved å vise til eigne følelsar, la dei delta ritual og minne den døde. Det handlar om å stimulere til kjenslemessig meistring, det går ut på å bevare kontinuitet i heim og barnehage, unngå unødige åtskiljingar, samt snakke med barna om redsel og eventuelle skuldfølelsar rundt død. Ein skal la barnas reaksjonar verte bekrefta og normaliserte. Det er viktig å gi håp om at det skal bli betre, men førebu dei på at det tek tid (Dyregrov, 2006, s. 167-178).

Kunnskapsdepartementet sin rettleiar for handtering av kriser og sorg i barnehagen har og gode eksempel på korleis personalet kan møte barn:

- Sette av tid og lytte til barnet
- Snakke med barnet og gi forklaringar som er tilpassa barnet sin alder og modning
- Vise omsorg, opptre støttande og vise tryggleik
- Møte behova barnet gir uttrykk for
- Gi barna gode meistringsråd

(Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 6)



Dyregrov og Kunnskapsdepartementet sine retningslinjer for ivaretaking meiner vi er gode rettleiingar for arbeid med barn i sorg. Punkta er tydelege og legg gode føringar for korleis ein skal jobbe for å ivareta omsorga til barnet.

## **2.8 Oppsummering**

I dette kapitlet har vi presentert relevant teori om barn si oppleving av sorg. Sorgprosessen har ulike reaksjonsmønster, der reaksjonane til kvar enkelt vil variere. Dei yngste barna er svært sårbare for åtskiljingar som kan opplevast som endelege tap. Vi har belyst ulike typar sorg og sorgreaksjonar. Det finns ingen fasit på korleis ein skal ivareta barn som sørgjer, men å lytte, vise omsorg og vere der for barnet er svært viktig. Plan for handtering og beredskap i barnehagen seier noko om korleis ein skal handle når krisa inntreff. Foreldresamarbeid er svært viktig for å ha ei tett oppfølging og støtte rundt barnet.

## 3.0 Metode

Metode er reiskapen vår i møte med noko me vil undersøkje. Sosiologen Vilhelm Aubert analyserte metode slik: «En metode er en framgangsmåte, et middel til å løse problem og komme frem til ny kunnskap. Et hva som helst middel som tener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Dalland, 2017, s. 51). Metoden hjelper oss til å samle inn data, det vil seie den informasjonen vi treng til å svare på undersøkinga vår (Dalland, 2017, s. 52). Dette er ein strategisk måte å samle inn data på og få ei breiare kunnskap om emnet (Sæther, 2014, s. 97). Det handlar om val av kvantitativ eller kvalitativ metode, eventuelt ein kombinasjon.

Den kvantitative metoden gir data i form av målbare einingar, medan den kvalitative metoden går meir i djupna og datainnsamlinga skjer i direkte kontakt med feltet. Den har som formål å fange opp meining og oppleving som ikkje lar seg talfeste eller måle (Dalland, 2017, s. 52). Ulikskapane mellom desse metodane er knytt til måten dei samlar inn data på (Dalland, 2017, s. 54). Når ein vel metode skal ein velje den metoden som er mest hensiktsmessig å bruke for å løyse problemstillinga som er som følgjer:

***«Korleis arbeider pedagogisk leiar med barn som opplever sorg?»***

### 3.1 Val av metode

Det er problemstillinga som styrer metodevalet (Jacobsen, 2021, s. 22). Vi valde å nytte den kvalitative metoden i vår oppgåve då den eignar seg til å belyse problemstillinga på best mogleg måte, ettersom temaet barn i sorg er både eit stort, vanskeleg og følsamt tema. Vi ser det difor som viktig å velje ein metode som gir oss innsikt i tankar og erfaringar hjå informantane. Valet av undersøkingsmetode har store konsekvensar for undersøkinga sin gyldigheit og reliabilitet. Den kvalitative metoden vil fange opp opplevingar og erfaringar kring barn som sørger i barnehagen. Ut frå problemstillinga nyttar vi eit kvalitativt forskingsintervju i vår undersøking. Intervjuet vart gjennomført ansikt til ansikt for å skape eit godt samspel og ei relasjon mellom deltakarane. Slik kommunikasjon gav oss store moglegheiter for rask respons både hjå informant og intervjuar ettersom vi får signal via språk, toneleie, kroppsspråk og ansiktsuttrykk (Jacobsen, 2021, s. 118). Ei svak side ved

ansikt-til-ansikt intervju er at det kan opplevast ubehageleg for informanten å svare på spørsmål samstundes som du ser inn i auga på ein ukjend person (Jacobsen, 2021, s. 118). Det er difor viktig å skape ein trygg relasjon til informantane.

Når ein nyttar kvalitative metodar er undersøkaren ofte i direkte møte med menneskja som bidreg med data. Det vert eit møte mellom to subjekt, og ein kjem i direkte berøring med dei som bidreg til undersøkinga. Vi må vere ærlege om kva vår subjektivitet inneber, det tyder at vi må synleggjere ovanfor andre i kva grad subjektiviteten kan verke inn på saklegheit og upartiskheit (Dalland, 2017, s. 59).

### **3.2 Val av Informantar**

I denne bacheloroppgåva vil vi velje informantar som har bestemt kunnskap eller erfaringar knytt til barn og sorg. Oppgåva byggjer på eit strategisk val av intervjupersonar (Dalland, 2017 s, 74).

Vi har difor leita etter intervjupersonar som har jobba og hatt ansvar for barn som står i ein sorgprosess. Vi har valt å intervju pedagogiske leiarar då oppgåva vår skal belyse korleis pedagogiske leiarar arbeider med barn i sorg. For å få eit breiare perspektiv og forståing av kva sorg og sorgarbeid inneber, valde vi å intervju ein fagperson som jobbar med temaet sorg i tillegg.

Det krev noko av oss som intervjupersonar når vi vel informantar. Vi må sørge for at personane vi skal intervju har kompetanse og at personane tilfredsstill kravet for å gi oss den informasjonen vi er ute etter. Dei har alle rik, men ulik erfaring knytt til arbeid kring sorg og barn. Deltakarar i ei intervjuundersøking har krav på anonymitet (Dalland, 2017, s. 77). Vi har difor valt å presentere informantane våre med dei fiktive namna Marit, Siv og Guri med tanke på deira anonymitet. Vi presenterer informantane våre i to ulike utvalsgrupper nedanfor.

Utvalsgruppe 1 består av to pedagogiske leiarar med ulik ansiennitet og ulike erfaring innan tema sorg.

Marit vart uteksaminert som barnehagelærer i 2016. Ho har 6,5 års arbeidserfaring i barnehage. Jobbar no som pedagogisk leiar.

Siv er utdanna barnehagelærer og har 30 studiepoeng i spesialpedagogikk. Ho har jobba i barnehage sidan 2012, ca.11 år. Jobbar no som pedagogisk leiar.

Utvalgsgruppe 2 består av ein fagperson som har fleire års erfaring med arbeid knytt sorg og sorgarbeid.

Guri jobbar fagleg med sorgarbeid. Ho har utdanninga sosionom med vidareutdanning innanfor barn og unge, tverrfagleg psykososialt arbeid, og sorgutdanning, i tillegg ein master i diakoni. I oppgåva vil vi ta utgangspunkt i hennar erfaringar kring sorg og sorgarbeid.

### **3.3 Førebuing og gjennomføring av intervju**

Vi starta intervjuprosessen med å sende e-post til ulike barnehagar for å få kontakt med pedagogiske leiarar som har erfaring knytt til temaet vårt. Dette gjorde det lettare å nå ut til ynskja målgruppe. Vi sendte og ut ein e-post til fagpersonen i sorgarbeidsfeltet. Vi har valt å halde yrket til vedkommande anonymt for å sikre kravet og ivareta anonymiteten til denne personen. Ein fagperson og to pedagogiske leiarar takka ja til å delta i prosjektet. Eit kvalitativt intervju siktar mot å gå i djupna, vi har difor valt at mengd intervjupersonar ikkje skal vere for stort (Dalland, 2017, s, 76).

Vi fekk god respons frå fleire pedagogiske leiarar som ynskja å stille til intervju. Grunnen til at vi ikkje valte å gå vidare med fleire intervjupersonar var fordi vi hadde fått god og nyttig informasjon frå data vi allereie hadde samla. Gode samtalar kan gi mykje godt stoff til ei oppgåve. Å ha lite, men god data er betre enn å ha mykje data ein ikkje kan nytte (Dalland, 2017, s. 76). Vi valte å utarbeide to utval av intervjuguidar med tema for problemstillinga vår, dette fordi informantane våre kom frå ulike yrkesgrupper og ulike vinklingar var naturleg. Spørsmåla vart satt for å gi oss ein fin flyt og overgang, men er ikkje satt for å måtte svarast på i den rekkjefølgja som dei står i.

Informantane fekk tilsendt informasjonsskriv (Vedlegg 1) og intervjuguide (Vedlegg 2 & 3) i god tid i forkant av intervjuet. Dette for at dei skal kunne stille førebudd, men også for å informere om personvern, rettigheitar og for å få samtykke for deltaking til prosjektet vårt. Informasjonsskrivet inneheldt informasjon om tema, problemstilling, kva opplysningar som skulle innhenta og kva opplysningane skulle brukast til. All informasjon som vart innhenta i

forbindelse med forskinga vart anonymisert. Intervjuguiden sendte vi ut i forkant av intervjuet, slik at informantane kunne førebu seg og tenkje gjennom erfaringar og opplevingar dei sit med. Det var og noko informantane gav uttrykk for at dei ynskja.

Intervjua vart gjennomført på arbeidsstaden til informantane. Vi starta intervjuet med å presentere oss sjølve og oppgåva, dette for å starte ein god samtale og verte trygge på kvarandre. Intervjuguiden var ei hjelp til intervjua, og vi trengte ikkje følgje den punktleg. Dette vert kalla ein semistrukturert intervjuguide. I eit kvalitativ intervju er det viktig at intervjuet ikkje vert for strukturert, samstundes som ein må halde fokuset for intervjuet (Sæther, 2014, s. 99). Avslutningsvis på kvart intervju spurte vi om det var noko meir dei ville føye til, eller noko dei sakna å få spørsmål om.

Før gjennomføringa av intervjua tenkte vi å utføre ei pilotstudie. Likevel valde vi heller å sende spørsmåla til ein pedagogisk leiar vi veit har kompetanse og erfaringar kring dette temaet. Denne pedagogiske leiaren tykte intervjuguiden hadde spørsmåla vi trengte for å få svara vi søkte etter. Vi valde difor ikkje nytte pilotstudie.

For at *data* skal vere brukt korrekt betyr det at ein må vere mest mogleg nøyaktig under innsamlinga (Dalland, 2017, s. 57). Vi lagde ein god plan for korleis vi ville utføre intervjua, slik at vi kunne sikre oss både merksemd og kvalitet på svara. Vi var begge til stades på alle intervjua, der den eine fungerte som intervjuar og den andre som skribent.

I det kvalitative intervjuet er det presisjonen av beskrivinga og fortolkinga av kva innhaldet betyr som gir det styrke (Dalland, 2017, s. 68). Resultata i undersøkinga skal vere kontrollerbare (Dalland, 2017, s. 58). Å stille utdjupande spørsmål er ofte nødvendig for at beskrivingane skal verte dekkande. Det er difor viktig at vi som intervjuarar følgjer godt med på det som vert sagt, slik at intervjupersonen utfordrast til å gi ein best mogleg dekkande beskriving. I dette ligg ei viktig kvalitetssikring av intervjuet (Dalland, 2017, s. 68).

Kjeldene og data ein samlar inn skal vere relevante. Godt utvalde intervjupersonar er til liten hjelp dersom spørsmåla ein stiller til dei ikkje bidrar til å gi svar på problemstillinga. Spørsmåla ein stiller må til ein kvar tid sjåast på bakgrunn av problemstillinga. Sjølv om data i utgangspunktet er relevante, må dei og vere samla inn på ein slik måte at dei er pålitelege (Dalland, 2017, s. 60).

### 3.4 Ethiske utfordringar

Som nemnt tidlegare så sendte vi ut eit informasjonsskriv til intervjupersonane. Her informerte vi dei om at sjølv om dei ga samtykke til intervju så hadde dei moglegheit til å trekke seg når som helst. Det er også presentert i skrivet at intervjupersonane sitt svar, samt rolla og deira arbeidsplass vert anonymisert (Sjå Vedlegg 2, Vedlegg 3). Det handlar om korleis ein nyttar og handterer informasjonen informantane kjem med, og at vi behandlar det med respekt og tillit. Dette går i tråd med kva som blir nemnt i «*De nasjonale forskningsetiske komitee*» frå 2021. Komiteane presenterer menneskeverdet som ein verdi som bli ivaretatt gjennom tre prinsipp: respekt, beskyttelse og rettferdigheit. Vi skal ha respekt for personane som deltar i «forskinga», og dei skal ha rett til å kunne bestemme sjølv og kunne trekke seg når som helst dersom ønskjeleg. I tillegg har vi og som forskarar eit ansvar for å trø ansvarleg, og for å sikre at all forskning skjer i samsvar til anerkjente forskningsetiske normer (De nasjonale forskningsetiske komitee, 2021).

### 3.5 Metodekritikk

Pålitelegheit og reliabilitet er eit kriterium for kvalitet i forskning og handlar om i kva grad det arbeidet ein har presentert, er til å stole på. Ved å svare på spørsmål om «kven er du?», «din bakgrunn» eller «di før-forståing» gir ein lesaren ei moglegheit til å vurdere din pålitelegheit. Ved å gjere greie for korleis ein har samla inn data til undersøkinga og korleis feilkjelder kan ha påverka resultatet, gir vi lesaren moglegheit til å vurdere pålitelegheita av arbeidet (Dalland, 2017, s. 55).

Marit og Siv delte begge sine erfaringar rundt arbeid med barn i sorg som pedagogiske leiarar. Guri informerte oss om erfaringar kring sorg og sorgarbeid og hennar forståing av sorg. Det er klart at alle sit på ulike erfaringar og opplevingar, men ved å få innhenta fleire intervjupersonar får vi moglegheit til å kunne samanlikne og knytte det opp mot kvarandre og opp mot teori. Vi har valt oss få informantar, noko som kan påverke valideten i forskinga vår. Hadde vi valt fleire intervjupersonar hadde vi også fått fleire ulike erfaringar og svar ettersom opplevinga er individuell. Guri gav oss mykje informasjon om sorgreaksjonar hjå barn, ulike dødsfall i forhold til sjukdom og korleis eit ritual fungerer. Dersom vi hadde intervjuet fleire innan dette fagfeltet, kunne vi mogleg fått meir og varierte svar. Vi meiner at data vi samla inn var god nok, og gjekk ikkje vidare med å intervjuet fleire. Vi vil sei at dei tre

intervjua vi utførte så langt har gitt oss god og relevant informasjon om erfaringar knytt barns sorgprosessar og arbeid med dette.

I kommunikasjonsprosessen i eit intervju kan det liggje moglege *feilkjelder*. Har vi som intervjuarar forstått svaret riktig? Har informanten forstått spørsmålet riktig? Noterte vi riktig svar? Dersom informanten misforstår spørsmålet, intervjuaren noterer unøyaktig svar og ein endrar meiningsinnhaldet i reinskiving, fører det til redusert pålitelegheit. Ved godt forarbeid og ved å halde fokus under heile intervjuet, vil ein vere sikrere på at dei vanlegaste feila reduserast (Dalland, 2017, s. 60).

## 4.0 Empiri

I denne delen av oppgåva vil vi presentere og analysere empirien frå intervjua. Resultata vert knytt opp til problemstillinga «korleis arbeider pedagogisk leiar med barn som opplever sorg». Informantane vert presentert med fiktive namn Marit, Siv og Guri med tanke på deira anonymitet. Kapittelet er inndelt i kategoriar: barn i sorg, pedagogen i møte med barnet, pedagogen i møte med foreldre, samarbeid mellom barnehage og heim, handtering av sorg og kriser i barnehagen og beredskapsplan. For å skape ei samanheng og strukturell flyt går desse kategoriane igjen i kapittel 5.

### 4.1 Barn i sorg

På spørsmålet om deira tankar rundt tema sorg uttrykker dei til felles at sorg er tap av noko du har nært, og at det er ein reaksjon ein kan oppleve både i møte med dødsfall og skilsmisse.

*«Innan barnehage, knytt opp mot eit tap. Det er noko som du mister som du har nært». (Marit)*

*«Sorg kan vere så utruleg mangt. Sorg er eit vanskeleg, men også eit viktig tema. Det kan vere endringar som skjer heime, og kan til dømes vere knytt til død og foreldre som går frå kvarandre». (Siv)*

*«Sorg er ein naturleg reaksjon på at ein har mista nokon eller noko i livet som betyr mykje for deg. Det kan vere eit menneskje, kjæledyr, eller ein kan ha mista helsa si. Ved skilsmisse kan barn og vaksne oppleve sorg fordi dei mistar noko dei allereie har, sorg er noko me betalar for at me har hatt ei tett relasjon med nokon». (Guri)*

Informantane sine svar beskriv store individuelle sorgreaksjonar. Vidare snakkar Guri om *sorgreaksjonar* hjå barn. Ho fortel at barn ikkje har den livserfaringa og moglegheita til å ordleggje seg på same måte som vaksne.

*«Barn har ikkje same ordforråd og grunnlag for å forstå kva som skjer når dei mistar nokon nære på same viset som vaksne. Dei merkar forandringane som skjer rundt,*



*kva som skjer med foreldre, dei lurar på kvifor nokon er triste og gret, men dei har ikkje innsikt til å kunne forstå. Barn vil pendle inn og ut av sorga på same måte som vaksne. Barn gjer det meir spontant i til dømes leik og rollespel og lev ut sorga si og tankane sine. Dei kan plutselig seie noko ut av det blå fordi det er noko dei tenkjer på». (Guri)*

Dette handlar om å gjenspegle det som kan skje i leiken. Guri fortel at barn ofte kan reagere ved å ta på seg skuld. Vidare fortel ho om korleis barn er magiske tenkjarar som fantaserar mykje. Ho trekk fram eit døme om eit barn som meinte dei var den siste som snakka med ein person, denne personen dør og barnet tenkjer at det er deira skuld.

*«Eit barn kan overføre skulda til seg sjølv. Det kan tenkje at «det er mi skuld at pappa køyrte utfor vegen, fordi med krangla». Barn fabrikkera skuld og dei vaksne rundt barnet må forstå moglegheita for at barnet tar skulda på seg». (Guri)*

Guri poengterer at eit plutselig dødsfall kan for eit barn opplevast som veldig traumatisk, dramatisk og det kan oppstå kriser. Siv har vore gjennom at eit barn på avdeling mista far sin brått i ei ulykke. Ho fortel at barnet ikkje viste nokon sterke reaksjonar på at far var død, dette barnet var 1,5 år.

*«Han fekk mykje oppmerksomheit etter det skjedde og han hadde mange omsorgspersonar rundt seg og hadde det fint når mora var vekke». (Siv)*

Omsorg til eit barn som opplever sorg er svært viktig for at dagane skal opplevast så «normale» som mogleg.

Marit fortel om reaksjonar knytt eit søskenpar der foreldra var i ei skilsmisse, barna var 2 og 5 år.

*«2-åringen var meir inneslutta, trakk seg litt tilbake og var stille og roleg. Medan 5-åringen vart meir høglytt og uroleg. Ved inneleik var det mye bråk og meir konflikhtar». (Marit)*

Dette viser at dei ulike reaksjonane og daglege endringane vil variere frå barn til barn. Vi ser gjennom svara til informantane at det er tydelege ulikheiter i måten eit barn vil reagere på

når det står i sorg, enten det er knytt dødsfall eller ei skilsmisse.

#### 4.2 Pedagogen i møte med barnet

Alle informantar uttrykkar og bekreftar kor viktig det er å vere open og ærleg i møte med barn som opplever sorg. Den vaksne si rolle vil vere å legge til rette for barnet og møte deira behov. Eit godt foreldresamarbeid vil ligge i grunn for god samhandling i lag med barnet. Guri fortel at i samtale med barn er det viktig å vere direkte og konkret. Marit beskriv kor viktig det er å halde på rutinane og følgje dagane så normalt som mogleg, men samstundes ta omsyn til det innhaldet som barnehagen har.

*«Når ein møte barn i sorg vil ein gi ekstra masse omsorg og kos, men ein skal ikkje gjere det for barnehagen skal vere ein friplass for barnet. Ein skal oppføre seg som normalt, men ein skal vere der vist barnet treng det lille ekstra». (Siv)*

*«Ein skal ha ansvar for å gi barnet det det treng, samstundes gi det plass, tid og rom for å trekke seg tilbake. Ein skal observere og vere tilgjengeleg for barnet når ein ser at det er behov, det er ikkje alltid barnet som skal kome til deg. Dersom ein ser at barnet gir uttrykk for ekstra oppmerksomheit eller skjerming må ein tilby det. Det er viktig å anerkjenne barnet og deira følelsar». (Marit)*

Skjerming kan vere viktig for barn for å unngå store belastningar i situasjonar. Dei har eit ekstra sårt og stort behov for informasjon og støtte.

Guri fortel så fint om desse «gulltrådane» barn i barnehagar legg ut.

*«Barn har sin kvardag i barnehagen og signaliserer på sin måte kva som ikkje er bra, eller om noko har skjedd. Som vaksne rundt barnet må me forstå, plukke opp og samle desse gulltrådane. Gulltrådane kan til dømes vere noko barnet seier, oppførsel og åtferd eller teikningar. Barn uttrykkjer seg gjennom veremåte og handlingar». (Guri)*

Guri fortel vidare at det er viktig at alt som er sant ikkje trengs å seiast, men at det som er sagt skal vere sant. Siv fortel om ein samtale med mor etter eit tap at det var viktig for mor at vi var ærlege og opne i møte med barnet.

*«Småbarn seier ofte kanskje at «mamma dusja», visst han seier noko med at pappa dusja så skal ein seie at pappa likte å dusje. Eit barn sa «Pappaen din er i himmelen» så svarte guten «Nei, pappaen min e død, han ligg i jorda». (Siv)*

Her blir det også poengtert at det er viktig for mor at vi er ærlege og direkte i samhandling med barnet rundt tapet av far. Dette krev ein open og ærleg kommunikasjon.

#### **4.3 Pedagogen i samarbeid med barnehage og heim**

Kommunikasjonen med foreldre er noko informantane framhevar som naudsynt og utruleg viktig i arbeid med barn. Marit fastslår at det viktigaste er å sikre barnet og at det er foreldra som legg føringane for korleis barnehagen skal jobbe. Siv fortel at kommunikasjonen med foreldra var veldig open og ærleg, og personalet ikkje følte at dei var til bry med å stille spørsmål. Personalet på avdelinga visste alltid korleis ting fungerte heime og korleis det stod til og fungerte med både barnet og mora. Dei var alltid informert om kven som skulle hente barnet, her var og resten av familien veldig opne. Vidare poengterer ho at grunnen til at det gjekk så bra var den opne kommunikasjonen mellom barnehage og heim. Mor gav personalet i barnehagen føringar for korleis dei skulle snakke med barnet og kva dei sjølv fortalte.

*«Mor var veldig open med barnet og sa at «no er pappa død». Mor var flink til å fortelje oss at vi til dømes ikkje skulle sei «faren søv». Ein skulle svare på døden, men ho ynskja ikkje at vi skulle seie at pappa var i himmelen. Mor ynskja at barnet skulle gjere opp ei meining sjølv. Pappa er død og er i jorda sa han». (Siv)*

Siv fortel vidare at mor var oppteken av at barnet skulle vere i barnehagen og behalde rutinane sine.

*«Vi jobba med at kvardagen skal vere så normal som mogleg, trygg og føreseieleg. Barnehagen blir trygg i sorga». (Siv)*

Marit fortel om eit tilfelle knytt til skilsmisse. Her var det ingen form for kommunikasjon og det var observasjonar rundt barna som gjorde at dei fekk mistanke om forandringar heime.

*«Vi merka på barna at det var noko, men fekk aldri beskjed frå foreldra. I dette*

*samfunnet var det fleire som visste det. Det nådde ein kollega og vart aldri nemnt noko frå foreldre til personalet. Det vart aldri tatt opp på avdelingsmøte. Vi fekk vite det via beskjed frå andre». (Marit)*

Marit og Siv uttrykkjer at det er naudsynt med eit godt samarbeid mellom barnehagen og heim, uansett kva situasjon ein står i. Guri fortel at dei har samarbeid med alle barnehagar, og før jul, påske og i advent har dei temasamlingar. Når dei samlast vert det lagt til rette for spørsmål og samtalar om sorg, eller rundt andre tema.

*«Kyrkja kan lage til ritual for barnehagen og leggje til rette for samlingar for barn, dette er opp til barnehagen sjølv». (Guri)*

Det er ikkje noko samarbeid med barna i barnehagen som står i sorg, berre samarbeid mellom kyrkja og tilsette i barnehagen. Guri fortel at barnehagen har sin eigen sorgprosess og tiltak.

#### **4.4 Handtering og beredskap**

Marit fortel at dei jobbar generelt lite med sorgomgrepet. Dei har jobba med tema som «eg er meg», den store boka om følelsar og grøne og raude tankar. Marit har ikkje hatt «dei store tinga» etter ho vart pedagogisk leiar. Dersom det skulle skje ei hending har ho ei liste med bøker i ulike tema, desse kan dei finne fram til samlingsstund eller individuelle stunder med barnet som er pårørande eller har opplevd traume.

Vidare fortel Marit at det er foreldre som først og fremst skal legge føringa for korleis barnehagen skal utføre sorgarbeidet. Vi stiller spørsmålet «om de har ei samlingsstund etter ei hending, må de forhøyre dykk med foreldre?»

*«Ein kan bruke samlingsstund til å snakke om sorg, men det er viktig å halde på rutinane rundt barnet». (Marit)*

Vi spør vidare «Kan det å ta det opp tema i ei samling vere meir til hjelp eller skade?».

*«Rutinane er viktig å hugse på, å holde det så normalt som mogleg. Hadde eg tenkt at vi skulle holde på med sorg, hadde eg brukt samlingane og fortsett med samlingane. Men eg hadde og tatt omsyn til det innhaldet vi har i barnehagen. Det*

*viktigaste her er å ta vare på barnet, og då er det foreldra som må leggje føringane».*  
(Marit)

Barn har behov for stabilitet, gjentaking og forutsigbarheit for å føle seg trygge.

På spørsmål om korleis pedagogane og personalet jobbar i forkant og etterkant av slike situasjonar fortel ho at det ikkje vert gjort mykje i forkant.

*«Skjer det ei hending vert det tatt opp på personalmøte og spørsmål om «kva gjer vi no?» Vi evaluerer på avdelingsmøte om korleis det har gått og finn ut korleis vi fortsett arbeidet framover». (Marit)*

Siv arbeidar med sorg i barnegruppa gjennom å snakke om følelsar. Dei bruker bøker og jobbar for at kvardagen skal vere trygg, forutsigbar og så normal som mogleg. Vidare framhevar Siv at «Barnehagen skal vere ein trygg plass i sorga». Ho har sjølv opplevd at eit barn på avdelinga har mista nokon i nær relasjon.

*«Proessen var tung. Det er naturleg at du synst det er grusamt og tenkjer på stakkars barnet som aldri får bli kjent med far sin. Det var ei i kriseteamet som sa at dette ikkje er vår sorg. Det er deira sorg og vi skal vere støttande. Eg syns sjølv det var harde ord å ta der å da, men forstod det i ettertid». (Siv)*

Siv tek oss med inn i korleis dei arbeida i personalet i forkant, undervegs og etterkant av denne situasjonen. Ho fortel at personalgruppa og foreldre vart kontinuerleg informert undervegs.

*«Dialogen med familien gjorde det lettare for barnehagen å takle det, dei var veldig ærleg og opne, noko som var til god hjelp i ein slik situasjon. I etterkant vart det reflektert mykje over kva dei gjorde og kva dei eventuelt kunne gjort annleis. Det var eit kriseteam som var mykje involvert og hjelpte til med gode råd og oppfølging».*  
(Siv)

Siv framhevar at det som er avgjerande for å handtere ei slik situasjon i barnehagen er å ha ein god dialog med foreldre. «Dersom ein får vite kva som skjer på heimebane har ein større forutsetningar for å jobbe så godt som mogleg med barnet».

*Beredskapsplan* er ein form for plan i barnehagen. Den beskriv kva tiltak som kan vere nødvendig ved ulike hendingar for å støtte personalet i møte med barn og foreldre.

*«Trur ikkje vi har ein beredskapsplan. Vi har beredskapsplan for ulykker, men dersom det er dødsfall i nær relasjon er det eit kriseteam vi kan kontakte». (Siv)*

Marit fortel at dei ikkje har nokon nedskrivne beredskapsplan, som ho veit om. Ho viser til utdanningsdirektoratet si rettleiing på korleis handtere kriser. Marit saknar ei opplæring og det å vite kva ein skal gjere når ei slik hending oppstår. Siv uttrykker også mangel på beredskapsplan.

*«Har ikkje fått noko opplæring. Ser i ettertid at det kunne ha vore greitt, gjerne meir i form av skilsmisse. Dette var ei ulykke, men hadde det vore eit dødsfall som tok lengre tid hadde det nok vore godt å vite meir. Kriseteamet hadde ein plan på kva vi skulle gjere i vårt tilfelle så vi følte oss trygge». (Siv)*

Tydlege planar for dei situasjonane som mest truleg kan ramme barnehagen er svært viktig, og gir ei betre førebuing enn om ein tek det som det kjem.

I gravferd-samanheng møter Guri familiar som sørgjer, og opplever barn som veldig fine i ein situasjon knytt sorg.

*«Det fine er at barna får vere med, dei pressar dei ikkje til meir enn det barnet sjølv torer å stå i. Barna får bevege seg fritt i kyrkjerommet og det blir gitt plass til at barnet kan uttrykke sorga på sin måte. Barna får vere med å seie noko, tenne lys, leggje blomar på kista eller sjå personen død». (Guri)*

Det er viktig for barnet å spille ut sine følelsar. Ein kan ikkje krevje at barn oppfører seg høgtideleg, dei må oppføre seg som dei sjølv ynskjer, utan kritikk for manglande respekt og forståing for den døde.

Guri fortel om kor viktig det kan vere for barnet å gjennomføre eit *ritual*, og beskriv korleis ein kan leggje til rette for familien. Ho forklarar ritual som «å leve ut tankar og følelsar ved å gjere noko».

*«Eit ritual kan oppstå der og da, og det er gjerne familien som bestemmer kva som skal skje. Kyrkja kan alltid lage til ritual og kan tilpassast til kva dei enkelte ynskjer. Det kan bety mykje for eit barn å vere med på å leggje lokket på kista og vere med å skru igjen. Barnet får ta del i ritual som ein aktiv deltakar. Det er viktig at barnet får sjansen til å vere med og at dei vaksne rundt er trygge. Sjølv om det er mykje gråt og sorg, er det viktig at omsorgspersonane framstår som trygge og rolege framfor barna, slik at dei også beheld roen». (Guri)*

Barn taklar ofte situasjonar betre enn vi trur, og det er derfor ingen grunn til å ekskludere dei frå ritual.

## 5.0 Drøfting

Denne delen av oppgåva skal finne svar på problemstillinga «Korleis arbeider pedagogisk leiar med barn som opplever sorg?» Problemstillinga vert drøfta ut frå empirien og i lys av teori og forskning innanfor feltet.

### 5.1 Barn i Sorg

Sorg tar tid, og utrykka for sorg kan variere frå å vere massive, moderate eller til å vere få (Bugge & Røkholt, 2010, s.31). Vi har alle vår eiga oppfatning og vi veit at sorg kan vere så mangt, reaksjonane og utrykka kan variere. Dette er noko alle informantane er einige i.

Dyregrov skriv at gjennom eit uventa og plutselig dødsfall vil ein oppleve eit stort traume. Alt kan kjennes uverkeleg og det kan ta tid før vi klarer å ta inn kva som har skjedd (Dyregrov, 2018, s. 309). Dette samsvarer med det Guri fortel «(...) *eit plutselig dødsfall kan for barn opplevast som veldig traumatisk*». Siv informerer oss om at barnet som mista far sin brått og uventa i ei ulykke levde ein vanleg kvardag der han ikkje viste til reaksjonar. Dette kan stemme med det Dyregrov presenterer. Han skriv om sorgreaksjonane til barn og korleis alder og utviklingstrinn kan spele inn på barnet sine sorgreaksjonar. Han fortel at barnet treng informasjon på same vis som det vi vaksne treng (Dyregrov, 2018, s.330). Siv informerer om at mor var open og ærleg med barnet om at far var død. Vidare forklarar informanten om ein situasjon der barnet seier tydeleg at far er død, og forklarar at barnet ikkje viste sorgreaksjonar i etterkant. Dette kan skuldast barnets alder.

Det er viktig å få fram at det ikkje finns nokre «normale» reaksjonar når ein står tidleg i sorga, då reaksjonane kan komme og gå etter kvart som barnet blir eldre (Bugge & Røkholt, 2010, s.37). Sjølv om barnet ikkje viste teikn til reaksjonar i etterkant av fars død er det viktig å hugse at reaksjonar kan oppstå over tid. Dyregrov skriv om etterreaksjonar og korleis uventa dødsfall kan føre til problem i seinare tid, som depresjon. Ein kan også utvikle ei rekkje emosjonelle og åtferdsmessige symptom som sinneanfall, angst og tap av tidlegare tileigna ferdigheiter (Dyregrov, 2006, s.42-43). Det er viktig å poengtere at sjølv om statistikk viser til at dei fleste barn vil utvikle problem i etterkant av eit slikt tap, gjeld det absolutt ikkje alle (Dyregrov, 2006, s.47). Det handlar om å vere bevist på kva ein skal sjå etter, slik at



ein kan førebyggje utviklinga av seinare problem.

Eit barn som sørger etter eit samlivsbrot kan oppleve det som like traumatisk, og ha dei same sorgreaksjonane som eit barn som opplev eit dødsfall (Dyregrov, 2006, s. 82). Vi kjenner dette igjen gjennom reaksjonane Siv beskriv etter observasjonar gjort knytt søskenparet med nyleg skilte foreldre. Det kjem tydeleg fram at det minste barnet på 2 år vart meir tilbaketrekt, stille og roleg. Dette står i kontrast med storebror på 5 år som vart meir uroleg, høglytt og konfliktskapande. Som Bugge & Røkholt skriv så vil sorga variere frå barn til barn, og den er avhengig av kor etablert og utvikla barnet er i forhold til personlegdom og normalåtferd (Bugge og Røkholt, 2010, s. 37). Reaksjonane vil også verte påverka av modning og forholdet til foreldra (Edvardson, 1987, s.89).

Stillheit og uro er to av fleire reaksjonar som Bugge og Røkholt presenterer som vanlege sorgreaksjonar. Det kan vere lett å oppfatte eit barn som er stille og roleg som eit barn som ikkje viser reaksjonar. Men det er viktig å hugse at stillheit også kan vere ein reaksjon på sorg. Det kan vere ein måte barnet uttrykker sorga eller eit budskap på. For barnet kan det vere ei erfaring som kan vere vanskeleg å verbalisere (Bugge og Røkholt, 2010, s. 42). Andre barn, som til dømes 5 åringen Siv beskriv, kan oppleve uro og utøve dette ved å bruke kroppen som uttrykksform. Barn er ulike, og for nokon er det vanskelegare å setje ord på følelsane sine enn det er for andre. Med slike barn er det viktig å trø varsamt. Ein bør unngå dei store samtalane, då det kan vere overveldande for barnet, og ein bør heller halde det kort og enkelt og ut i frå barnets premisser (Bugge og Røkholt, 2010, s. 39).

Guri beskriv at barn ofte har ein tendens til ta på seg skuld, dette gjeld både når det kjem til uventa dødsfall, men også skilsmisse. Ho fortel vidare at «*Barn er magiske tenkjarar og fantaserer mykje*». Barn skapar sine eigne fantasiar, dette kan medføre at dei trur dei har skulda i skilsmissa (Edvardson, 197, s.89). Dei tar på seg ansvaret for det som kan stå fram som vanskelege situasjonar, og kan fantasere seg fram til kvifor dei er grunnen til at personen er død, eller kvifor mamma og pappa har skilt lag. Dei undrar over kva dei kunne gjort annleis. Her kan vi nytte eksempelet til Guri, som trekk fram eit døme der eit barn tek på seg skulda etter at pappa køyrde utfor vegen fordi dei hadde krangla. Barn kan også ta på seg skuld etter ei skilsmisse, og dei kan sjå tilbake på tidlegare hendingar og skulde seg sjølv for at mamma og pappa ikkje lenger er i lag (Edvardson, 1987, s.89).

## 5.2 Pedagogen i møte med barnet

Korleis barn reagera på sorg vil være ulikt og individuelt. Som pedagogisk leiar har ein ansvar for å møte og ta i vare barnet gjennom sorgprosessen, og hjelpe det på best mogleg måte gjennom sine sorgreaksjonar. I stor grad er barns reaksjonar avhengig av korleis vi vaksne møter barnet (Djup, 2021, s. 29). Guri framhevar at i samtale med barn er det viktig å være open, ærleg, direkte og konkret. Ein skal svare på alle spørsmåla som barnet kjem med. Guri fortel at alt som er sant trengst ikkje seiast, men det som skal seiast skal vere sant. Dette samsvarar med det Dyregrov skriv om at barn treng aldersadekvate forklaringar (Dyregrov, 2018, s. 330). Slik kan ein unngå å skape forvirring og frykt hjå barnet (Dyregrov, 2006, s. 93). Siv fortel kor mykje god kommunikasjon med heimen hjelpte ho i hennar arbeid med barnet. Mor la og føringar for korleis ho ville pedagogisk leiar og resten av personalet på avdelinga skulle jobbe med barnet. Informantane bekreftar i sine svar Dyregrov sine retningslinjer for omsorg av barn; at ein skal ha open og ærleg kommunikasjon, ein skal gi tid for tenkje-meistring, gjere tapet verkeleg og stimulere kjenslemessig meistring (Dyregrov, 2006, s. 167).

Guri fortel om det ho kallar «gulltrådar» blant barn i barnehagen. Barn uttrykkjer seg gjennom veremåte og handlingar, det kan til dømes vere noko barnet seier, åtferda eller teikningar barnet lagar (Djup, 2021, s. 33). Det kan derfor vere nyttig å spørje barnet «kva har du teikna?» og følgje med på det barnet formidlar gjennom leik (Djup, 2021, s. 33). Desse «gulltrådane» har vi som pedagogiske leiarar eit stort ansvar for å plukke opp, gjennom observasjon, dokumentasjon og vurdering. Barnet kan verke urørt av situasjonen og etter kort tid begynne å leike (Dyregrov, 2018 s. 330). Gjennom leiken får barnet arbeide vidare med følelsar og opplevingar. Leiken kan vere ein problemløysar. Gjennom leik og andre skapande aktivitetar kan barnet gi uttrykk for tankar og følelsar og leiken kan opplevast som ein fristad frå det som skjer rundt barnet (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 6). Dette går igjen i det Siv poengterer om at barnehagen skal vere ein friplass for barnet, og at dagane skal fungere normalt, så langt det er mogleg.

Siv fortel at mor var oppteken av at barnet skulle gå i barnehagen som normalt og behalde dei kvardagslege rutinane sine. Å møte barnet på ein slik måte handlar om førebuing og samarbeid i personalgruppa. Marit framhevar at barn er avhengig av rutinar for at kvardagen skal virke sikker og trygg. Dette poengterer også Edvardson: «Det er også av stor betydning for barnets trygghet at man prøver å følge de daglige rutinene så mye som mulig»

(Edvardson, 1987, s.59). Når ein sårbar situasjon der barn er inkludert oppstår, bør barnehagen forsøke å halde på sine rutinar. Samstundes akseptere at barna kan ha auka behov for tryggleik og nærleik (Dyregrov, 2018, s. 332).

Korleis pedagogisk leiar og resten av personalet møter, snakkar med og tar vare på barna, vil i stor grad kunne påverke barna sine reaksjonar. Korleis barn oppfattar situasjonen vil avgjere om dei reknar den som kritisk. Vaksne kan ikkje alltid forstå kor sterkt barn er prega. Derfor er det viktig at vaksne uavhengig av korleis dei oppfattar krisa hjelper barna å tileigne seg gode meistringsmetodar. Gjennom samspelet med vaksne kan barnet lære å regulere følelsar og bremse vanskelege tankar. Utdanningsdirektoratet si rettleiing for personalet i barnehagen skriv: «Vaksne er viktige rollemodellar for barns meistring av vanskelege situasjonar» (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 2).

Både Marit, Siv og Guri poengterer at vaksne har eit overordna ansvar for å ivareta barn sine behov. Som pedagogisk leiar i barnehagen er du kanskje den som kjenner barnet best utanfor heimen. Anerkjennning er viktig for eit lite barn. Marit framhevar at det er viktig å anerkjenne følelsane som barnet kjem med. Pedagogen har eit overordna ansvar for å dele kunnskap med resten av personalet om korleis forstå barns uttrykk, og møte barn på ein anerkjennande måte (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 4).

### **5.3 Pedagogen i samarbeid med barnehage og heim**

For at foreldra skal oppleve å bli godt tatt vare på er det viktig at pedagogen og resten av personalet lyttar og viser omsorg. Dette er noko informantane presiserer som svært viktig saman med god kommunikasjon og tett samarbeid. Dette er noko Kunnskapsdepartementet også understrekar i si rettleiing «handtering av sorg og kriser i barnehagen» (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 4-5). Foreldresamarbeid er viktig i akuttfasen, men og i oppfølgingsfasen av barnet. Pedagogen skal informere om korleis dei opplever barnet og beskrive eventuelle reaksjonar som oppstår (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 5). For at barnet skal ha best mogleg føresetnader i barnehagen er ein viktig faktor å vite kva som skjer i heimen. Marit og Siv fortel om to ulike situasjonar rundt kommunikasjonsprosessen med foreldre.

I tilfellet til Marit var kommunikasjonen med foreldre avvikande og ikkje-eksisterande. Djup

poengterer at kommunikasjonen er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal kunne førebu seg til å møte og støtte barnet og foreldre på best mogleg måte. Det kan vere ulike årsaker til at foreldre ikkje kjem med informasjon om kva som skjer heime til barnehagen. Det kan vere at dei ikkje ynskjer eller ser verdien av ein open dialog. I dette tilfellet fekk barnehagen informasjonen via andre, og observerte at det var nokre endringar på heimebane både hjå foreldre og barn (Djup, 2021, s. 69). Slike dilemma vil ein som pedagogisk leiar møte på og vere nøydd til å handtere basert på vurderingane ein tek i den aktuelle situasjonen. Dette vil ein kanskje ta opp og søke rettleiing for, til vidare arbeid på avdelinga.

Barnehagen og foreldre bør ha ei felles tilnærming. I samtalar med foreldre kan det vere aktuelt å spørje om korleis dei handterer barnet sine behov og om dei har ynskjer for korleis barnehagen skal møte barnet og dei sjølve. Dette samsvarar mykje med det Siv fortel om at mor la klare føringar for korleis personalet skulle snakke og nytte språket i samtale med barnet. Foreldra skal vere trygge på at barnehagen har rutinar, kommuniserer godt og tek i vare barnet på best mogleg måte. Informasjon til foreldre om korleis barnehagen følgjer og støtter barnet er viktig (Kunnskapsdepartementet, 2022, s. 5). Samstundes presiserer Djup kor viktig det er å forstå kva rolle ein har. Rolla til den pedagogiske leiaren vil ikkje vere å hjelpe foreldra og ordne opp i det som er vanskeleg, men finne råd for korleis best mogleg ta i vare på barnet både heime og i barnehagen (Djup, 2021, s. 69).

I møte med foreldre og andre føresette fortel Siv at kommunikasjonen allereie direkte etter ulykka var open og ærleg. Siv og personalet på avdelinga fekk informasjon om krisa som ramma barnet og familien, og kunne førebu seg på best mogleg måte for å støtte og ta i vare både barn, mor og andre familiemedlem. I dette tilfellet hadde mor eigne tankar om kva som var viktig å gjere, og ynskte open kommunikasjon med barnehagen og andre barn og foreldre. Dette samsvarar med det Djup skriv om nyttigheita med informasjon for omgivnadene for korleis dei skal forhalda seg til situasjonen og møte med dei som er ramma (Djup, 2021, s. 68). Vidare framhevar Marit at det viktigaste er å sikre barnet og at det er foreldra som legg føringane for korleis barnehagen skal jobbe. I barnehagen skal ein akseptere at barna kan oppleve auka behov for tryggleik og nærleik (Dyregrov, 2018, s. 332). Det er difor viktig at ein som pedagogisk leiar sørgjer for å skape ei god tilknytning til foreldre, slik at dei kan føle seg trygge på å kontakte barnehagen dersom det skulle oppstå slike

vanskelege situasjonar.

#### 5.4 Handtering og beredskap

Det finns ingen fasit på kva som er rett, eller kva som er best å gjere når ein skal handle i ein krisesituasjon. Det å ha ein beredskapsplan vil gjere det lettare for barnehagen å vite korleis dei skal trø fram ved ei oppstått hending. Med ein god beredskapsplan å støtte seg på, vil ein vere meir bevist på kven som gjer kva og kven ein skal forhalda seg til (Dyregrov, 2006, s.114). Marit og Siv fortel at dei ikkje har noko beredskapsplan knytt til dødsfall tilgjengeleg i barnehagen deira, og Marit uttrykker at dette er noko ho saknar. Vidare fortel Siv at barnehagen deira har eit kriseteam dei kan kontakte dersom eit dødsfall i nær relasjon skulle oppstå. Dyregrov skriv om at det kan være lurt å ha ei ressursgruppe som tek på seg ansvar under slike hendingar og kriser (Dyregrov, 2006, s.113). Det å ha nokon som kan ta på seg ansvaret og rettleie resten av gruppa kan gjere det lettare å handtere ei krise. Den ansvarlege bør vere interessert og bør få moglegheit til å fordjupe seg, ta kurs og lese seg opp i faglitteratur i emnet. Dermed vert personen tryggare i rolla si, og kan gi god rettleiing til resten av personalet. Vi anslår at å ta opp eventuell beredskapsplan i barnehagen på eit personalmøte kan auke bevisstheita til personalet.

På spørsmål om beredskapsplan viser Siv til Utdanningsdirektoratet sine sider.

Kunnskapsdepartementet (2022, s.5) er ein god rettleiar når det gjeld å handtering av kriser og sorg i barnehagen. Den viser korleis ein jamleg bør arbeide med handtering av sorg og kriser slik at tilsette blir betre rusta til å handtere ein eventuell krisesituasjon. Ein må vere bevist på og gjere seg oppmerksom på korleis ein trer i møte med familiar som står i kriser. Ein må heller ikkje gløyme barnegruppa oppi dette. Nokre foreldre ønsker gjerne at vi skal informere barnegruppa om det som har hendt, og informasjonen må da gis i samsvar med barnets modning og alder. Marit fortel at ho har jobba med barna om følelsar. Ho har laga seg ei liste med bøker i ulike tema som kan tas fram ved behov. Ved å nytte bøker i samlingsstunder kan vi vere med å bevisstgjere følelsar og skape samtalar som kan hjelpe barna å forstå.

Det er viktig at barna får leve ut følelsane sine. Guri forklarar ritual som ein fin måte å la barnet utrykke tankar og følelsar på. Ved å utføre eit ritual får barnet moglegheit til å arbeide vidare med det som kan vere vanskeleg å uttrykkje gjennom ord. I retningslinjene til

Dyregrov skriv han om kor viktig det er å gjere tapet verkeleg og la barnet få delta i ritual (Dyregrov, 2006, s.167). Guri fortel at dei kan legge til rette for samlingar og ritual i samarbeid med barnehagen dersom dei ønskjer. Det å samarbeide med eksterne fagfolk som har rik kompetanse på barn i sorg vil vi påstå at kan betre barnehagen sine føresetnader for å handtere barn som rammast.

## 6.0 Avslutning

I denne oppgåva har vi ynskt å svare på problemstillinga «korleis arbeider pedagogisk leiar med barn som opplever sorg». Vi har valt temaet sorg og i oppgåva har vi avgrensa til den sorga som oppstår ved samlivsbrot og dødsfall i nære relasjonar.

Som pedagogisk leiar vil ein i løpet av karrieren møte på barn i sorg. Sorg blant barn vil vere svært ulikt og varierende, sorgarbeidet vil då vere individuelt til kvar enkelt. Barn er ulike, og det er viktig å ta i vare barnet og møte barnet der det står. Som Edvardson poengterer kan samlivsbrot vere like traumatisk som dødsfall for barn (1987, s.82). Det å vere førebudd på at slike hendingar kan oppstå er viktig. Både for å vere klar til å forberede barna på kriser, men og for å etablere gode rutinar og planar. Rutinar er viktig for barn som opplever sorg, og ein skal ikkje påtvinge barnet sorg. Som pedagogisk leiar er det viktig å oppretthalde rutinar for at barnehagekvardagen skal vere så normal som mogleg. Barnehagen er eit av barna sine faste haldepunkt i kvardagen.

Samarbeid med foreldre er eit viktig punkt som pedagogisk leiar må ivareta. Barnehagen og foreldre bør ha ei felles tilnærming for å ta i vare barnet på best mogleg måte, både i barnehagen og i heimen. Ved vidare forskning ser vi at det kunne vore interessant å intervjuje foreldre i denne samanhengen, for å få innsikt i korleis dei opplever samarbeid med barnehagen og pedagogisk leiar. For å få enda breiare innsikt i korleis pedagogisk leiar arbeider, samt sikre funna våre meir, kunne vi ha valt ut fleire informantar.

Oppsummert kan vi seie at det finns ingen fasitsvar på korleis ein skal møte barna. Det finns konkrete retningslinjer og omsyn pedagogisk leiar må forhalda seg til og ha kjennskap til i arbeidet. Som pedagogisk leiar bør ein ha kjennskap til retningslinjene og bruke dei i arbeid med barn i sorg. Ein beredskapsplan vil gjere det lettare for pedagogisk leiar å vite korleis ein skal opptre dersom ei slik hending oppstår. Å vere i forkant, og ha utarbeida slike planar samt ha kjennskap til retningslinjer vil vere til stor hjelp i arbeidet med barn i sorg.

## Kjeldeliste

Bugge, K.-E. & Røkholt, E-G. (2010). *Børn og unge i sorg*. (1. utgåve). Munksgaard Danmark.

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. (6. utgåve). Gyldendal akademisk.

Djup, H. W. (2021). *Barnehagens betydning når barn er pårørende*. (1. utgåve).

Fagbokforlaget.

Drugli, M. B. (2020). *Liten i barnehagen*. 3 utgåve. Cappelen Damm Akademisk.

Dyregrov, A. (2006). *Sorg hos barn. En håndbok for voksne*. (2. utgåve). Fagbokforlaget.

Dyregrov, A. (2010). *Å ta avskjed. Ritualer som hjelper barn gjennom sorg*. Fagbokforlaget.

Dyregrov, A. (2018). *Katastrofe-psykologi*. (3. Utgåve). Fagbokforlaget.

Dyregrov, A. Lytje, M. (2021). *Håndbok i barns sorg*. (1. utgåve). Fagbokforlaget.

De nasjonale forskningsetiske komitee. (2021). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora*. Forskningsetikk. Henta frå:

<https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora/>

Edvardson, G. (1987). *Barn i sorg, barn i krise*. Kolibri forlag.

Haaland, K. R. (2002). *Barnet i skilsmissen. Et barneperspektiv på familieforming*.

Universitetsforlaget.

Jacobsen, D. I. (2021). *Forståelse, beskrivelse og forklaring. Innføring i metode for helse og sosialfagene*. (3.utgåve). Cappelen Damm Akademisk.



Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*.

Utdanningsdirektoratet. Henta frå:

<https://www.udir.no/contentassets/5d0f4d947b244cfe90be8e6d475ba1b4/rammeplan-for-barnehagen---bokmal-pdf.pdf>

Kunnskapsdepartementet. (2021). *Eksempel på beredskapsplan ved alvorlige hendelser*.

Utdanningsdirektoratet. Henta frå:

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/eksempel-beredskapsplan-alvorlige-hendelser/plan-for-sikkerhet-og-beredskap/>

Kunnskapsdepartementet. (2022). *Håndtering av kriser og sorg i barnehagen - veiledning for*

*personalet i barnehager*. Utdanningsdirektoratet. Henta frå:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/kriser-og-sorg-i-barnehagen/Handtering-av-kriser-og-sorg-i-barnehagen/>

Mjelve, H. (2007). *Oppbrudd - tanker og følelser ved skilsmisse* (1.utg.). Gyldendal

Akademisk.

Redaksjon i tekstforslag. *Dikt om sorg*. Henta frå: <https://tekstforslag.com/dikt-om-sorg/>

(Lasta ned 09.04.23).

Skogen, E. (Red). (2021). *Å være leder i barnehagen*. 3 utgåve. Fagbokforlaget

Sæther, M. (Red). (2014). *Barnehagelærerstudentenes bacheloroppgave*.

Universitetsforlaget.

# Vedlegg 1: Informasjonsskriv til informant

## **“Møte med barn i sorg”**

Vi ynskjer å takke deg for at du har vist interesse for å delta som informant i vårt bachelorprosjekt. Vi er 3 årsstudentar ved barnehagelærerutdanninga i Sogndal og held på med ei bacheloroppgåve der vi ynskjer å få ei større forståing innanfor temaet sorg. Dette er ei oppgåve der formålet er å finne ut korleis pedagogisk leiar arbeidar med barn som opplev sorg. I dette informasjonsskrivet gir vi deg mål for prosjektet og kva deltakinga vil innebere for deg.

Problemstillinga vert retta mot korleis pedagogisk leiar kan møte og ivareta barn som står i ein sorgprosess. Vi har valt å fokusere på sorga som oppstår når eit barn opplev samlivsbrot eller dødsfall i nær familie.

Oppgåva vår har fått denne problemstillinga:

### ***“Korleis arbeidar pedagogisk leiar med barn som opplev sorg?”***

Vi skal utføre eit kvalitativt studie for å finne svar på problemstillinga vår. Den kvalitative går meir i djupna og skjer i direkte kontakt med feltet. Vi er ute etter dine erfaringar knytt temaet “sorg”. Vi ynskjer å møte fysisk til intervju for å få skape ein betre samtale rundt spørsmåla.

Dersom du framleis ynskjer å delta i vår oppgåve inneber det at du deltek i eit intervju. Intervjuet og all informasjon du gir vil bli anonymisert. Intervjuet vil vare i ca. ein time.

## **Kontaktinformasjon**

Om du ynskjer meir informasjon om bachelorprosjektet eller har spørsmål, kan du sende melding eller ringe oss på telefon: 993 99 811 eller 952 148 82 du kan også sende e-post på [Melissajatak@gmail.com](mailto:Melissajatak@gmail.com) eller [Johannelinde09@gmail.com](mailto:Johannelinde09@gmail.com).

Du kan kontakte vår rettleiar dersom det er noko du lurer på: Dag Skram (HVL) på telefonnummer: 482 72 978 eller e-post: [Dag.Skram@hvl.no](mailto:Dag.Skram@hvl.no).

**Det er frivillig å delta**

Du kan trekke deg frå prosjektet når som helst, det er frivillig å delta. Opplysningane du oppgjer oss vil bli anonymisert samt deg og di rolle.

Vennleg Helsing

Melissa Jansson Takle (student)

Dag Skram

Johanne Linde Hauglund (student)

Rettleiar

## Vedlegg 2: Intervjuguide utval 1

**Tema:** Barn i sorg

**Problemstilling:** "Korleis arbeidar pedagogisk leiar med barn som opplev sorg?".

### Informasjon:

- Tusen takk for at du ville stille til intervju
- Intervjuet og all informasjon vert anonymisert
- Introdusere oss sjølv
- Har du noko spørsmål eller noko du lurar på før me startar?

### Introduksjon av oppgåva:

- Formålet med denne bacheloroppgåva er å få ei større forståing innanfor temaet sorg og finne ut korleis dette vert arbeida med hjå pedagogisk leiar.
- Vår problemstilling er "*korleis arbeidar pedagogisk leiar med barn som opplev sorg?*".

### Arbeidserfaring/bakgrunn:

1. Kjønn? Alder?
2. Kva utdanning har du? Kva jobbar du som? Kor lang arbeidserfaring har du?
3. Har du nokre personlege tankar og erfaringar knytt sorg?

### Barn i sorg:

4. Kva erfaringar har du knytt til barn og samlivsbrot/skilsmissel
  - a. Kor gamal var barnet?
  - b. Korleis var samarbeidet med foreldre?

- c. Kva følelsar viste barnet?
  - d. Kva reaksjonar og åtferd viste barnet?
5. Kva erfaringar har du knytt til barn som opplev dødsfall i nære relasjonar?
- a. Kor gamal var barnet?
  - b. Korleis var samarbeidet med foreldre?
  - c. Kva følelsar viste barnet?
  - d. Kva reaksjonar og åtferd viste barnet?
6. Har du oppdaga sorg hjå barn før du fekk vite det av foreldre?
- a. Kva gjorde til at du oppdaga det?

**Handtering av kriser og sorg i barnehagen:**

- 7. Korleis jobbar de med sorg i barnehagen? Har dykk ein beredskapsplan? Kva er innhaldet i planen?
- 8. Korleis arbeidar du med sorg i barnegruppa?
- 9. Korleis jobbar du/personalet i forkant og etterkant i slike situasjonar?
- 10. Har du/de fått noko opplæring i korleis handtere slike situasjonar?

**Annet:**

- 11. Kva erfaringar tek du med deg vidare? Er det noko du ville endra på?
- 12. Noko du ønskjer å tilføye? Noko du lurar på?

## Vedlegg 3: Intervjuguide utval 2

**Tema:** barn i sorg

**Problemstilling:** "Korleis arbeidar pedagogisk leiar med barn som opplev sorg?"

**Informasjon:**

- Tusen takk for at du ville stille til intervju
- Intervjuet og all informasjon vert anonymisert
- Introdusere oss sjølv
- Har du noko spørsmål eller noko du lurar på før me startar?

**Introduksjon av oppgåva:**

- Formålet med denne bacheloroppgåva er å få ei større forståing innanfor temaet sorg og finne ut korleis dette vert arbeida med hjå pedagogisk leiar.
- Vår problemstilling er "*korleis arbeidar pedagogisk leiar med barn som opplev sorg?*".

**Arbeidserfaring/bakgrunn:**

1. Kjønn? Alder?
2. Kva utdanning har du? Kva jobbar du som? Kor lang arbeidserfaring har du?
3. Har du nokre personlege tankar og erfaringar knytt sorg?

**Barn i sorg:**

4. Kva er sorg?
5. Kva er sorgreaksjonar hjå barn?
  - a. døme/erfaringar?
6. Kva erfaringar har du knytt til barn og samlivsbrot/skilsmiss?

7. Kva erfaringar har du knytt til barn som opplev dødsfall i nære relasjonar?

8. Korleis arbeidar du med barn i sorg?

a. har de eit rituale?

**Samarbeid:**

9. Har du/de samarbeid med barnehagen? Korleis føregår dette?

10. Foreldresamarbeid?

**Annet:**

11. Noko du ønskjer å tilføye? Noko du lurar på?